




Gudbrandsdølen Dagingen

norddalen



BOKA OM BUREISINGA: Frå venstre Ola Svaet, Odd Vang, Pål Prestgard og Svein Sletten står bak den nye boka om bureisingen i Heidal. Foto: Leif Øverland



Bokkomiteen, fra venstre Ola Svaet, Odd Vang, Pål Prestgard og Svein Sletten, kan presentere ei rykende fersk bok: Bureising i Heidal- ny framtid for folk og bygd.

Her er urboka til heidølane

Boka om bureisinga i Heidal er skriven. Mykje tyder på at den bør vera bibelen for mange heidølar.

Av Leif Øverland

HEIDAL: - Utan bureising ville bygda sett heilt annleis ut i dag.

Tidlegare ordførar i Sel og medlem av boknemnda i historielaget, Ola Svaet, meiner dette er ei bok ikkje minst oppveksande slekter bør setja seg inn i og boka bør difor finnast på skulen.

Boknemnda

Saman med mangeårig jordbruksjef i Sel, Svein Sletten, Pål Prestgard og Odd Vang har Svaet systematisk arbeidd fram ei bok som er blitt noko langt meir enn ei opplisting av bureisingsbruk, som det var over 60 av i heile Heidal og der feltet i Murudalen var størst i Oppland fylke.

Full av historier

Boka har nemleg klart å få fram noko av historia til folket som budde her og kvifor dei satsa slik dei gjorde. Ikkje minst er dette gjort gjennom svært mange gode fotografi, gjennom intervju med dei som kan huske den første bureisingstida og med teikningar. Alfred Frikstad sine to teikningar i boka er kanskje ikkje så prangande, men seier mykje.

Mangel på levebrød

Bureisingsperioden frå rundt 1920 til 1950 vart heilt avgjerande for Heidal der mange alt hadde utvandra til Amerika og mange knapt hadde levebrød. No var Amerika-døra stengd med restriksjonar på innvandring. Det var store barnekull og dårleg

med ledige hus og areal til å brødfø seg på i Heidal.

Ivar Dahle

Ordførar i Heidal kommune den gongen, Ivar Dahle, stod i aller fremste rekkje i tilrettelegging for bureisingsareal og vegframføring. Kommunen kjøpte opp store areal som vart utparsellerte til bureising. Over hundre søkte om slike parsellar i Bygda den gongen.

Brei omtale

Ordførar Dahle har fått brei omtale i boka. Ola Svaet seier det vart sagt at då Dahle var i Oslo for å få Arbeidsfylkingen nordover for å bygge Murudalsvegen, kom han med følgjande ultimatum som fortel litt om tilhøva i bygda den gongen:

- Anten må Arbeidsfylkingen sendast eller så kan de sende 200 likkister til Heidal.

Tre års arbeid

- Boknemnda har drive systematisk på i tre år med ei bok som har fått undertittelen: Ny framtid for folk og bygd. Det er liten tvil om at den skildrar ei nær historie som fekk avgjerande verdi for mange. At opplaget er på 700 kan vise seg å bli i minste laget...

Utan bureising ville bygda sett heilt annleis ut i dag.

Ola Svaet, medlem av boknemnda i historielaget

Nå er boka ferdig

◆◆ Tre år, over førti møter og mange samtaler er tilbakelagt. I kveld lanseres boka "Bureising i Heidal" på Rindvang i Heidal.

Av Solrun S. Snilsberg

Boka er laget i regi av Heidal historielag. En bokkomité bestående av Pål Prestgard, Ola Svaet, Svein Sletten og Odd Vang har arbeidet med stoffet de tre siste årene. Nå kan de presentere det ferdige produktet i form av ei bok på rundt 160 sider, rikt illustrert med bortimot 80 bilder. Boka er ment å være en bok som forteller historien om bureisinga i bygda, og ei bok som skildrer livet som bureiser.

Mange bureisingsbruk

Bureisingsperioden i Heidal varte fra 1920-1950. Murudalen var det største bureisingsfeltet i Oppland. Daværende Heidal kommune kjøpte opp 6.000 dekar på Murudalen. Dette ble delt i 31 deler. 19 av disse ble utdelt. Et par bruk kjøpte hver sin del til. De ti

siste delene ble stående ubrukte til de ble fordelt på eksisterende bruk rundt 1970. I boka står det at det meldte seg 116 søkere på bureising i Murudalen.

I hele Heidal var det 64 bureisingsbruk. Det var trangt om plassen og store ungekull. Utvandring til Amerika var blitt restriksjonsbelagt, slik at ikke alle som ville fikk reise. Folk manglet noe å leve av og et sted å bo. Bureising var et alternativ.

Arbeidsfylkingen

Bokkomiteen sier at en kan stille spørsmål i dag om hvordan bygda hadde sett ut i dag uten bureising.

- Bureisinga var godt fundamentert, sier komiteen.

På Murudalen startet bureisinga i 1933. I perioden 1933-1936 kom Arbeidsfylkingen til bygda, bestående av 90 gutter.

De sørget for å få bygd veg innover Murudalen.

Viktig del av historien

Komiteen forteller at det har vært mange bidragsytere til boka. Eierne av hvert enkelt bruk som er presentert, er kontaktet. De mener boka rommer en viktig del av historien til Heidal.

- Det var ei oppbyggingstid da tidene var som vanskeligst. Det var utrolig dårlige tider, og stor arbeidsledighet. Mange hadde verken levebrød eller eiendeler, sier komiteen.

Etter en vandring i Rindhølgrenda med Einar Holen som kjentmann, blir boka offisielt lansert på Rindvang i kveld klokka 20.00. Dit kommer blant annet ordføreren. Og boka, den kommer i et opplag på 700 eksemplar.